

UTTALE OM AREALPLANEN FOR HOL KOMMUNE

Vi viser til utlysing samt folkemøter og tillet oss med dette å koma med følgjande innspel til forslag til arealplan for Hol kommune.

Me tek i hovudsak for oss problemstillingar knytte til Holet og Moen, men ikkje minst fyrste problemstillinga vil gjelde heile kommunen.

1. Bygging i LNF områder. Me er glade for at det blir vidareført moglegheita for å bygge langs øvre Holsvegen. Det som opptek oss ein del er følgjande problemstilling: Det er eit faktum av svært mange av gardsbruka i Hol anten er ute av drift eller vil bli det som ein konsekvens av den jordbrukspolitikken som er ført. Med ute av drift meiner me då at det ikkje lenger er eigaren eller den som bur på garden som driv den, den blir drive som utleigejord slik lova opnar for. Men kva med unge folk som gjerne vil ta over ein slik landbrukseigedom og som kjem til eit bruk med til dels gamle hus som på langt nær er tilpassa det ein familie krev no. Dei har behov for å bygge på eksisterande bustadhus eller kanskje bygge heilt nytt. Så langt me forstår opnar ikkje forslaget til reglar for desse områda for slike tiltak, og då kan konsekvensen bli at bruket blir ståande tomt og etter kvart forfell.

Me ber derfor om at det blir grundig vurdert å laga reglane for LNF område knytta til bygdenære område slik at dei opnar for det me er inne på her. Då er alternativet bestemmelser som opnar for spredt boligbygging, f.eks. tilknyttet gardstun basert etter enkelt vise søknader, basert på regelen i pbl § 11-7 nr. 5 bokstav b. Me har inntrykk av at PBL gir moglegheiter berre det er politisk vilje – noko me håper det er i Hol kommune i forhold til dette.

Me legg ved eit par dokument frå kommunal – og moderniseringsdepartementet som de sikker kjenner frå før, men me legg dei likevel ved og reknar med at politikarane som skal handsame arealplanen i innspurten går tilgang til desse.

2. Tomtefelt – bustadar for eldre. Tomtefeltet Grønlie 2 som no er i ferd med å bli klargjort, bygger på ein plan som er frå omkring 2013. Det er lite å gjera med det no kanskje, men me er spente på korleis kommunen stiller seg dersom det kjem utbyggarar som vil bygge etter meir moderne tenkesett og som derfor kanskje må ha anna regulering for å kunne realisere bygginga? Me har god kontakt med mange eldre som gjerne skal selja einebustadane sine for å koma inn i mindre bustadar, ofte kalla omsorgsbustadar. No har det kome klare meldingar frå Hol kommune at dei har ikkje noko ansvar for at det fins slike hus til folk som vil selja sine einebustadar. Men me kunne tenke oss ein meir offensiv kommune når det galdt å legge til rette for at private utbyggarar fekk rask tilgang til egna tomter for å bygge slik eldre i dag gjerne vil bu. Til dømes ved Høgehaug der eldrebustadane frå 70 talet står og i følge kommunen er så dårleg vedlikehalde at dei ikkje fyller krava til omsorgsbustad lenger. Kva med då å la ein privat utbyggar slette til å bygge nytt der? Og dersom gjeldande plan for Grønlie 2 ikkje fyller dei krava den bør for moderne tenking i forhold til både bustadar for eldre og unge i etableringsfasen, reknar me med at kommunen snur raskt på hælen og gir nødvendig dispensasjonar.

Me viser også til vedlagte kopi av eit oppslag i bladet Pensjonisten som bør vera høgaktuelt for Hol kommune og som me håper kan inspirere til oppfølging.

3. Tilrettelegging for næring er OK.

Lykke til med sluttbehandlinga

3576 HOL 26.mai 2024

Holet og Moen grendeutval

Knut Medhus

Leiar

3 vedlegg